

SAK 43/22 FORPROSJEKT CAMPUS HALLINGDAL

Saksopplysningar

Bakgrunn, status

Gol kommune

Gol kommune har i sine planar uttrykt målsettingar om å «Styrke Gol som kompetanse- og kunnskapssenter, på Hallingmo». Det er og avsett areal til utvikling av skuleområder («høgskuletomta»). Med denne bakgrunn, Hurdalsplattforma og regjeringspartia sine partiprogram for å styrke utdanningsinstitusjonane sin regionale rolle, med å legg betre til rette for desentraliserte studiar og livslang læring, hadde Gol kommune ved ordførar Heidi Granli møte med statssekretær Oddmund Løkensgard Hoel 16. februar 2022, med tema campus Hallingdal. Tilbakemeldingane frå statssekretæren var at det ville koma målretta tilskotsordningar som Hallingdal burde vurdere å söke på. Statssekretæren anerkjende at Hallingdal har utfordringar med lågt utdanningsnivå og at me er ein «kvit flekk» på utdanningskartet. Konklusjonen til Gol kommune etter møtet var god grunn til å arbeide vidare med eit prosjekt om etablering av Campus Hallingdal. Den 3 mars og den 14. mars var det møte med Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og Høgskulen på Vestlandet, for å undersøke interessa for å delta saman med Hallingdal i eit slikt prosjekt. USN ynskte å gå vidare samen med Hallingdal.

Regionalt

I [regionrådsmöte 28.3.2022, sak 32/22](#) campus Hallingdal, informerte Heidi Granli om initiativ frå Gol om planar for eit campus Hallingdal. Det vart gjort slikt vedtak: «*Regionrådet er positive til å arbeide vidare med tanken om ei høgskuletablering i Hallingdal. Gol kommune jobbar vidare med dette.*»

På [Hallingtinget 29. april 2022, sak 05-22](#) campus Hallingdal – arbeid for høgskuletilbod i Hallingdal, informerte Heidi Granli om Campus Hallingdal, eit arbeid som tek sikte på å få til eit varig høgskuletilbod i Hallingdal. Hallingtinget var positive til at det blir jobba vidare med dette og at dette blir eit prosjekt som omfattar heile Hallingdal (vedlagt presentasjon).

I [Strategisk plan for Hallingdal \(2022- 2025\)](#) er følgjande tiltak (15) definert: «Arbeide for fleire og utvida desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal.»

[Sats på Hallingdal](#) har kompetanse og rekruttering som eit av sine satsingsområde. «Største utfordring for utvikling og vekst er folketallsutvikling og rekruttering, altså tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Også arbeidsplasser som krever høyere utdanning trekkes fram for å tiltrekke seg yngre arbeidstakere».

«Det viktig er å bredde ut tilbuddet på arbeidsplasser som krever høyere utdanning, blant annet for å kunne være attraktive i framtidig rekruttering av arbeidskraft».

Nasjonalt

På nasjonalt nivå har det skjedd ei radikal endring, der det no er politisk vilje og nasjonale føringar for å auke tilgangen til fleksible og desentraliserte utdannigstilbod for høgare utdanning, i heile landet.

[NOU 2020: 12](#) «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn» og [NOU 2020: 15](#) «Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene» drøftar begge behovet for tilrettelegging for høgare utdanning i distrikta.

Det bør innføres insentiver for at universiteter, høyskoler og fagskoler skal etablere flercampusmodeller for å møte arbeids- og næringslivets behov over hele landet, samtidig som det skapes relevante kunnskapsmiljøer i krysningspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv. (NOU 2020:12)

Status tilgang til utdanning i heile landet

Dei statlege institusjonane har samla rundt 70 ordinære studiestader geografisk spreidd rundt i heile landet. Gjennom strukturreforma i høgare utdanning (2015–2017), vart talet statlege universitet og høgskular redusert frå 33 til 21. Reforma førte til at Norge fekk fleire flercampusinstitusjonar, USN har t.d. 8 flercampusinstitusjonar.

I Hurdalsplattforma har regjeringa varsla at det skal lanserast ein reform for desentralisert utdanning over heile landet, m.a. anna gjennom lokale utdanningssentra som i hovudsak er eigmeldt av fylka eller har samarbeidsavtalar med eksisterande institusjonar. Utdanningssentra, som altså ikkje blir rekna som campus i denne samanheng, skal få eit særleg ansvar for utdanning der folk bur, basert på lokale kompetansebehov.

Nyare utgreiingar understrekar at geografisk nærvær av fullverdig høgare utdanningsinstitusjonar er avgjerande for å styrke grunnlaget for levende og bærekraftige lokalsamfunn. I Hurdalsplattforma understreker regjeringa at den vil stille tydelegare nasjonale krav til universitet og høgskular om geografisk nærvær for å møte regionale kunnskaps- og kompetansebehov. Regjeringa vil vurdere korleis ein kan kompensere for meirkostnadene ved flercampusinstitusjonar, som sikrar det finansielle grunnlaget for desentralisert, langsigtig regional nærvær.



Universitetet i Sørøst-Norge (USN)

Det har vore fleire møter med leiinga i USN for avklare ambisjonsnivå og for å finne ut meir om grunnlaget for eit campus i Hallingdal. Ut frå dei prosessar som har vore er USN innstilt på vidare samarbeid med Hallingdal for å utvikle eit flercampuskonsept som ved sida av permanent nærvær (Campus Hallingdal), kan innebere studietilbod på ulike lokasjoner i regionen. For USN er det viktig at det er ei solid og brei politisk forankring i regionen. Det er også utarbeida eit forslag til intensjonsavtale mellom USN, Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune, vedlegg 1.

Det er avklara i prosjektet at det ikkje vil bli sendt søknad om tildeling frå tilskota som no er lyst ut, då desse i stor grad er retta mot ein studiesenterordning. Fokuset er no at det vil bli arbeida målretta for etablering av eit fullverdig Campus Hallingdal, under USN.

Tilbod i Hallingdal innan høgare utdanning

Gjennom tidene har det i Hallingdal vore ulike desentraliserte tilbod innan høgare utdanning. I dag er det registrert følgjande tilbod (det kan hende sakshandsamar ikkje har full oversikt)

Gol

- Våren 2016 starta oppvekstsjefane i Hallingdal eit arbeid med å få realisert vidareutdanning for lærarar i Hallingdal. Det vart etablert eit samarbeid med kommunane i Valdres og Høgskulen i Sogn og Fjordane, seinare Høgskulen på Vestlandet (Campus i Sogndal). Kommunane i Hallingdal i samarbeid med kommunane i Valdres ynskte saman med Høgskulen på Vestlandet å legge til rette for vidareutdanning for lærarar i grunnskulen i tråd med føringane for desentralisert vidareutdanning frå Utdanningsdirektoratet. Etter kvart vart arbeidet utvida til også å gjelde grunnutdanning og vidareutdanning for barnehagelærarar.
 - Gjennomført vidareutdanning for lærarar:
 - 2017-2018: Engelsk 1 1.-7.trinn (Gol)
 - 2018-2019: Norsk 1 1.-7. trinn (Leira)
 - 2019-2020: Matematikk 1 1.-7 (Gol)
 - 2020-2021: Engelsk 2 5.-10. trinn (Leira)
 - 2021-2022: Norsk 2 5.-10. trinn (Gol)
 - Plan framover:
 - 2022-2023: Matematikk 2 5.-10. trinn
 - 2023-2024: Engelsk 1 1-7. trinn
 - 2024-2025 Norsk 1 1-7. trinn
 - 2025-2026 Matematikk 1 1.-7-. trinn
 - 2026-2027: Spes ped
 - Gjennomført desentralisert barnehagelærarutdanning (arbeidsplassabasert barnehagelærarutdanning ABLU)
 - ABLU 4 årig deltidsstudium hadde oppstart haust 2020. Ferdig 2024 (Gol)
 - ABLU 4- årig deltidsstudium med oppstart haust 2022. Ferdig 2026 (Gol)
 - Gjennomført styrarutdanning for barnehagelærarar: 2019-2020 og haust 2020. (Gol)
 - Gjennomført vidareutdanning for barnehagelærarar – barns språk og språkutvikling 2019-2020 (Gol)
 - Planar framover:
 - Spesped – barn med særskilde behov
 - Migrasjonspedagogikk
 - IKT i barnehagen
 - Språk og sosial kompetanse
 - [Folkeuniversitetets Fagskole Gol](#)

- Psykisk helsearbeid, deltid
- Arbeids og organisasjonspsykologi (hausten 2022)

Ål

- Torpomoen, desentralisert sjukepleiarutdanning , 4 år, i regi av USN, oppstart august 2022. Totalt 214 søkjær, 25 studieplassar

Geilo

- [KRM AS](#) er ein privateigd leverandør av korte, intensive kurs innan drift og vedlikehald av roterende maskineri og hydraulisk utstyr som fekk fagskule status februar 2021. Kurssenteret inneheldt m.a. 1600 m² nyoppussa lokalar, inkl. verkstad/laboratoria.
- [Fagskolen i Viken](#) med m.a:
 - 2-årige studietilbod innan hotell og restaurant, reiseliv og opplevelsesutvikling ([Norsk Reiselivsfagskole](#)), starta i 2020
 - Kurs under bransjeprogrammet for reiselivet, har passert 1600 deltagarar
 - Observasjons- og vurderingskompetanse i helsetjenesten, frå januar 2022
 - Produksjon av øl, mjød og sider, frå august 2022
 - Stibygging, frå august 2022
 - Arbeidar med å få til leiarutdanning innan bygg og anlegg
- Det blir og arbeida med å få til fleksibel og desentralisert høgare utdanning m.a. innan ei rekke fag først og fremst reiselivsrelatert.


Hemsedal

- [Norges friluftsfagskole](#), friluftsguide

Utdanningsnivå Hallingdal, behov


Det formelle utdanningsnivået til befolkninga i Viken er om lag på same nivå som på landsbasis. Internt i Viken er det store regionale variasjonar der Asker/Bærum har klart høgst utdanningsnivå. Hallingdal, Ringerike og Nedre Glomma ligg klart lågast, også under utdanningsnivået på landsbasis. Desse forskjellane speglar i stor grad forskjellar i næringsstrukturer, ref. figur under.

Figur til høgre syner utdanningsnivået regionvis, til den yrkesaktive delen av befolkninga med minst tre år høgare utdanning i 2021. Hallingdal 28,4% og Valdres 27,2%.



Kjelde: Telemarksforsking, regional analyse

Kompetansekrava i ulike næringsregionar i Viken 2017



Kjelde: SSBs yrkesstatistikk,
bearbeidet av Akershus
fylkeskommune

I denne samanheng er det viktig å understreka behovet for fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning, både for å få større variasjon i arbeidsmarkanden og for å auke attraktiviteten for yngre yrkesgrupper.

Vurdering

Historia

Hallingdal fekk aldri ei distrikthøgskule noko som i mange samanhengar har vore peika på som ei blempe, i forhold til å ha ein ekstra motor i distriktsutviklinga. Når ein ser på distriktskommunar som i si tid «fekk» ei distrikthøgskule så kan det ikkje vera tvil om at dette har vore til gode for distriktskommunar og regionar, m.a. i forhold til regional utvikling.

I Hallingdal var distrikthøgskule eit heitt tema i fleire år. I Regionplan for Hallingdal 1973 står det m.a.: «*Spørsmålet om å få distrikthøgskule til Hallingdal er ei sak med vide perspektiv både ut frå ein økonomisk, sosial, kulturell og distriktpolitisk synsvinkel.*» I vedlagte utklipp (vedlegg 3) frå Hallingdølen (1973 – 1979) ser ein at diskusjonane i Hallingdal hadde mange ulike retningar, og det var kanskje ikkje ei samlande kraft i spørsmålet om distrikthøgskule i Hallingdal.

No kan Hallingdal få ein ny sjanse, fyrst og fremst fordi USN er innstilt på å utvikle eit campus i Hallingdal, i samarbeid med Hallingdal. Dette var tilnærma urealistisk for få år sidan. Hallingdal har fått ein unik mogelegheit!

Kvifor eit campus i Hallingdal

I samband med vurdering av campus Hallingdal er det viktig å skilje mellom utdanningssentra og campus. Eit studie-/utdanningssenter definerast i denne samanhengen som lokale fysiske einingar som er ein møteplass utanfor universiteta, høgskulane og fagskulane sine eigne studiestader, og som legg til rette for utdanning og kompetanseutvikling i samsvar med behovet til enkeltindivid, privat næringsliv og offentleg verksemd i ein region. Studie-/utdanningssenter er tenkt som eit mellomliggende ledd som skal identifisere kompetansebehov og formidle det til utdanningsinstitusjonane.

Eit utdanningssenter er basert på sentraliserte institusjonar med lokalt/regionalt nærvær med meir «flyktige» tilbod der lærekrefter ofte reiser til og frå.

Eit campus knyter institusjonane direkte, utan ein mellomliggende meglar, til lokale utviklingsstresmakter og verksemder i privat og offentleg sektor, for å ivareta kompetanse- og kunnskapsbehov og langsiktig samfunnsutvikling. Eit campus i denne saka er ein fullverdig studiestad, der Hallingdal vil kunne bli det niande campus i USN sin fleircampusmodell. Finansiering er her USN sitt ansvar. Det er viktig å peika på at satsinga er avhengig av at regjeringa sine ambisjonar om å sikre finansieringsgrunnlaget for ein desentralisert høgare utdanningsstruktur gjennom fleircampusinstitusjonar står ved lag. Og noko av grunnlaget er studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling.

Hovudargumenta for eit campus Hallingdal er mange, som:

- I tråd med nasjonal og regional strategiar
- I tråd med lokal strategi
- Hallingdal og Valdres er ein kvit flekk på kartet i forhold til permanent nærvær av fullverdige høgare utdanningsinstitusjonar.

- Eit regionalt tilbod for å møte eigne kompetansebehov for ungdom og fleksible utdanningar for livslang læring
- Eit campus i Fjellnorge som vil bygge på ein del andre kvalitetar enn det som er typisk i for dei fleste campus i dag. Som med nye trendar og ved god rett tilrettelegging vil vera attraktivt både i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv.
- Hallingdal er ein region med ein viss vekst, men «utan ungdom».
- Nyare utgreiingar understrekar at geografisk nærvær av fullverdige høgare utdanningsinstitusjonar er avgjerande for å styrke grunnlaget for levende og bærekraftige lokalsamfunn.
Campus Hallingdal vil kunne bli ein regional vekstmotor
- Tilgang på og kanskje etablering av forskings- og utviklingsmiljø, noko som er heilt avgjerande for framtidas utvikling
- Eit campus vil generere sårt tiltrengte arbeidsplassar for folk med høgare utdanning
- Mogelighet for universitetsskulestatus for dei vidaregåande skulane

Lokalisering

Lokalisering av campus Hallingdal er ikkje noko kommunane i Hallingdal bestemmer, men det er sjølvagt viktig at synspunkt kjem fram og det er avgjerande viktig at Hallingdal står samla. USN ser på Gol som ei naturleg lokalisering for campus Hallingdal m.a. ut frå lokalisering sentralt i forhold til dei 12 kommunane i Hallingdal og Valdres og Gol som eit sentrum med «bykvalitetar». I tillegg kan det vera studietilbod på ulike lokasjonar i regionen.»

Argumentasjon for lokalisering Gol er m.a.:

- Sentralt plassert i Hallingdal
- Sentralt plassert med tanke på at Valdres vil vera ein viktig del av kjerneområdet til campus Hallingdal
- Trafikknutepunkt (veg/bane, tog, buss)
- Sentrum med «bykvalitetar»
- Tilgang på evt. lokaler, bygningsmasse og/eller tomt
- Tilgang på bustader, barnehageplassar og skule

Vegen vidare

Endeleg prosjektplan skal avklare meir i detalj.

Utkast mandat

Det er viktig å understreka at Campus Hallingdal må vera eit regionalt prosjekt, heile Hallingdal og gjerne heile Valdres.

Det bør leggast opp til eit tre-part samarbeid mellom Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune. Forprosjektet bør ha som mandat å avklare mogelegeheitene og legge til rette for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnorge, som skal tene heile landet i tillegg til å møte regionens egne kompetansebehov. Som grunnlag for eit Campus Hallingdal er permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og

kunnskapsbasert regional utvikling avgjerande. Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt. Endeleg mandat bør utarbeidast i samband med endeleg prosjektplan.

Arbeidsoppgåver

Endeleg prosjektplan skal avklare arbeidsoppgåver i forprosjektet, men førebels i stikkordform:

- Etablere samarbeidsplattforma for tre-part samarbeidet USN, Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune
- Arbeid mot sentrale styresmakter for å sikre finansieringsgrunnlaget for ein desentralisert høgare utdanningsstruktur, gjennom fleircampusinstitusjonar
- Forankring lokalt, regionalt, nasjonalt
- Involvere strategiske samarbeidspartnarar lokalt, regionalt, nasjonalt
- Koordinering med andre utviklingsprosjekt
- Interessentanalyse
- Kommunikasjonsstrategi
- Marknadsføring i tidleg fase
- Avklare; arealbehov, eventuell bruk av eksisterande bygningsmasse, ny bygningsmasse
- Risikovurdering
- Kartlegging av kompetansebehov og nærmere vurdering av potensialet for campus i fjell Norge
- Studietur(ar)
- Sluttrapport som grunnlag for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt

Framdriftsplan

Det blir utarbeida detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er føresett at forprosjektet skal avsluttast innan 1.3.2023.

Organisering

Organiseringa er basert på eit likeverdig og forpliktande tre-part samarbeidet mellom USN, Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune.

Det blir føreslege at forprosjektet blir organisert etter PLP-metoden (modell Innovasjon Norge).

Økonomi

Endeleg budsjett skal avklarast i prosjektplan.

Kostnad

Den største kostanden er prosjektleiing, der det er føresett at denne ressursen skal gjera ein del konkrete arbeidsoppgåver i forprosjektet. Det er berekna ressursar til prosjektleiing tilsvarande 80% stilling i 7 mnd. I tillegg kjem m.a. kostnader til; kartlegging av kompetansebehov og nærmere vurdering av potensialet for campus i Fjellnorge, kommunikasjonsstrategi, marknadsføring i tidleg fase og studietur(ar).

Total kostnad er rekna til kr. 800.000. I tillegg kjem ein betydeleg eigeninnsats frå partane.

Finansiering

Det blir føreslege slik finansiering:

- Regionrådet for Hallingdal: kr. 200.000
- Sats på Hallingdal: kr. 200.000
- Gol kommune: kr. 400.000

USN vil i fyrste rekke setja av naudsynte timeressursar i forprosjektet.

Det er ikkje avklara kva rolle Viken fylkeskommune eventuelt kan eller ynskjer å ha i samband med forprosjektet. Dette bør avklarast før oppstart av forprosjektet.

Det er å håpe at Hallingdal no grip sjansen og går heilhjarta inn for etablering av campus Hallingdal.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal støttar ambisjonane om etablering av campus Hallingdal, med Gol som vertskommune.
2. Regionrådet for Hallingdal vil i samband med forprosjekt Campus Hallingdal stå som prosjekteigar fram til eit eventuelt etableringsprosjekt.
3. Regionrådet for Hallingdal saman med Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge underteiknar intensjonsavtale (blir ettersendt)
4. Tre-part samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune har i forprosjektet som mandat å avklare mogelegheitene og legge til rette for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnorge, som skal tene heile landet i tillegg til å møte regionens egne kompetansebehov. Som grunnlag for eit Campus Hallingdal er permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling. Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt.

Endeleg mandat blir vedteke i samband med prosjektplan.

5. Forprosjektet blir gjennomført etter PLP-metoden.

Prosjekteigar: Regionrådet for Hallingdal

Prosjektansvarleg (PA): Ordførar i vertskommune (Gol kommune)

Prosjektleiar (PL):

Styringsgruppe: Representantar frå Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune og USN

Prosjektgruppe:

Event. referansegruppe: Blir avklart i samband med endeleg prosjektplan

6. Endeleg prosjektplan skal leggast fram for Regionrådet for Hallingdal til godkjenning 26.8.2022.

7. Forprosjektet har ei økonomisk kostnadsramme på kr. 800.000, som blir føreslege finansiert slik:

- Regionrådet for Hallingdal: kr. 200.000
- Sats på Hallingdal: kr. 200.000
- Gol kommune: kr. 400.000

Regionrådet for Hallingdal si løyving går frå attst  ande midlar fr   det regionale næringsfondet.

Dersom Sats p   Hallingdal ikkje l  yver midlar som f  reslege blir meirkostnad    fordele likt mellom Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune.

8. Det skal utarbeidast detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er f  resett at forprosjektet skal avsluttast innan 1.3.2023.
9. Prosjektansvarleg/prosjektleiar avklarar med Viken fylkeskommune eventuell deltaking i forprosjektet.

Hallingdal 27.5.2022

Knut Arne Gurigard
seniorrådgjevar

Vedlegg:

1. Forslag intensjonsavtale (blir ettersendt)
2. [Presentasjon Hallingtinget 29. april 2022](#)
3. Medieoppslag Hallingd  len (1973 – 1979) vedr. distrikth  gskule